

Forslag til ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Kapittel I

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å finansiere Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sine opppgåver slik at dei er sjølvfinansierte. Finansieringa vert sikra ved sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet skal nytte midlane dei rår over best mogleg for å nå målsettingane med ekomloven, postloven og lov om elektroniske tillitstjenester.

§ 2. Fordeling mellom sektoravgift og gebyr

Sektoravgifta vert berekna etter anslått ressursbruk for dei ulike forvaltningsområda til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Gebyrinntekta frå dei ulike områda av Nasjonal kommunikasjonsmyndighet si verksemd kjem til frådrag i den gruppa gebyra refererer seg til, og reduserer krone for krone sektoravgifta som kan krevjast inn frå same forvaltningsområde.

§ 3 Sektoravgift og gebyrfordeling mellom forvaltningsområde

Beløpet som Nasjonal kommunikasjonsmyndighet kan krevje inn i sektoravgift og gebyr går fram av det årlege statsbudsjettet.

Av det samla beløpet skal:

1. 48 % krevjast frå tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonsteneste, registreringspliktig etter lov om elektroniske tillitstjenester, innehavar av løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar og verksemd som deler ut domenenamn under norske landtoppdomene,
2. 41 % krevjast frå innehavar av frekvensløyve,
3. 8 % krevjast frå registrert importør, produsent og radioforhandlar, frå autorisert installatør og frå innehavar av løyve for aeromobilt utstyr og nødpeilesendar og anna radioutstyr og som sektoravgift for nasjonal godkjenning for radio- og terminalutstyr og
4. 3 % krevjast frå tilbydar av posttenester.

§ 4. Periode for sektoravgift og gebyr

Sektoravgift er ei årleg avgift. Det skal betalast sektoravgift for heile kalenderåret når løyve, registrering eller autorisasjon er gyldig ved starten av kalenderåret.

Når nye registreringar vert gjorde, eller løyve eller autorisasjon vert gitt før 1. juli, skal det betalast sektoravgift for heile kalenderåret. For registreringar, løyve eller autorisasjonar gitt etter 1. juli skal halv sektoravgift betalast.

Dersom løyve, registrering eller autorisasjon er oppsagd innan starten av eit kalenderår, skal det ikkje betalast sektoravgift for det følgjande året.

Gebyr vert fastsette som eingongsgebyr.

§ 5. Regulering av faste beløp og satsar

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan justere årleg sektoravgift og gebyr i samsvar med den prosentvise endringa i myndigheita si løyving, eller tilsvarande utvikling i konsumprisindeksen.

Kapittel II

§ 6. Sektoravgift og gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

Sektoravgift for løyve til bruk av nummerressursar i nummerplan for telefon m.m. (E.164) er:

1. for løyve til bruk av 8- og 12-sifra nummer kr 10 000, eller der dette gir høgare avgift:
 - a. for 8-sifra nummer i 8xx-serien kr 0,15 for kvart nummer,
 - b. for nummer i seriane 2, 3, 5, 6, 7 kr 0,03 for kvart nummer,
 - c. for 8-sifra nummer i seriane 4 og 9 kr 0,10 for kvart nummer,
2. for 4-sifra nummer i serien 18xx kr 3 000 for kvart nummer,
3. for 5-sifra nummer kr 2 000 for kvart nummer,
4. for 6-sifra EØS-harmoniserte nummer kr 2 000 for kvart nummer,
5. for kvart prefiks for val av tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett som vert brukt til offentleg tilgjengeleg elektronisk kommunikasjonssteneste kr 3 000.

Sektoravgift for disponering av nummerressursar i andre nasjonale obligatoriske nummerplanar er for:

1. X.121 DNIC kr 3 000,
2. X.121 PNIC (DNIC + 2 eller 3 siffer) kr 3 000,
3. E.118 kortutgivarkode (IIN) kr 3 000,
4. E.167 ISDN-nettkode for lukka brukargrupper kr 3 000,
5. E.212 mobil nettkode (MNC) kr 3 000,
6. E.214 nettkode (NC) for landmobile nett kr 3 000,
7. Q.704 punktkodar for nasjonal signalering (NI=3) uavhengig av kor mange punktkodar som vert disponerte kr 3 000,
8. Q.708 punktkodar for internasjonal signalering (NI=0) uavhengig av kor mange punktkodar som vert disponerte kr 3 000,
9. T.35 leverandørkode kr 3 000,
10. tilbydarkode for tilbydarportabilitet kr 3 000.

Eingongsgebyr for løyve til bruk og registrering etter frivillige nummerplanar er kr 1 700 for:

1. registrering av ADMD domenenamn for X.400 elektronisk post,
2. registrering av PRMD domenenamn for X.400 elektronisk post,
3. løyve til bruk av EDI-identifikator for bruk i EDIFACT,
4. løyve til bruk av ISO-DCC nettadresse (NSAP-adresse),
5. løyve til bruk av objektidentifikator.

§ 7. Sektoravgift for tillitstenester

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje sektoravgift for tenestetilbydar av tillitstenester som er registreringspliktig, i tillegg til sektoravgift for frivillige sertifiserings-, godkjennings- eller sjølvdeklarasjonsordningar, i samsvar med lov om elektroniske tillitstjenester.

(Føresegna vil eventuelt oppjusterast etter høyring i tråd med ny lov om elektroniske tillitstjenester innan forskrifta blir fastsett.)

§ 8. Sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn under norske landkodeloppdomene i samsvar med ekomloven § 7-1 og domeneforskriften.

§ 9. Sektoravgift for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste

Sektoravgift for tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og/eller elektronisk kommunikasjonsteneste, vil vere det totale beløpet etter § 3 andre ledd nummer 1 etter frådrag av sektoravgift og gebyr etter §§ 6, 7 og 8, fordelt mellom tilbydarane på eit overordna nivå.

Beløpet etter første ledd skal fordelast forholdsmessig mellom tilbydarar med relevant omsetning. Kvar tilbydar skal betale ein del av dette beløpet som svarar til tilbydaren sin del av den samla relevante omsetninga. Relevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og/eller elektronisk kommunikasjonsteneste knytt til eksternt sal i konsern eller selskap og geografisk avgrensa til Noreg. I relevant omsetning vert berre tilbydar si omsetning som overstig 35 millionar kroner i siste rekneskapsåret før sektoravgiftsperioden rekna med.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan fordele sektoravgifta etter andre kriterium enn omsetning, for å oppnå ei betre forholdsmessig fordeling av sektoravgifta. Slike kriterium kan mellom anna vere brøkdeler av talet på abonnentar eller brøkdeler av trafikkvolum på sluttbrukarnivået. Der anna kriterium vert nytta, skal det gjelde for heile marknadar eller delar av enkeltmarknadar, jf. andre leddet. Fordelinga av sektoravgift etter slike kriterium skal skje etter tilsvarande retningslinjer som ved fordeling etter omsetning i andre leddet så langt dei passar. Det same gjeld vurderinga av den samla aktiviteten eller andre grunnlag for kriteriet, mellom anna det samla talet på abonnentar og det samla trafikkvolumet i konsern. Omsetningsgrensa i andre leddet første punktum gjeld tilsvarande.

§ 10. Sektoravgift for tilbydar av postteneste

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje sektoravgift for tilbydar av postteneste i samsvar med lov 4. september 2015 nr. 91 om post (postloven) § 53. Det skal krevjast inn eit beløp som er i samsvar med § 3 andre ledd nr. 4.

Kapittel III

§ 11. Gebyr for radioamatørløyve

Innehavar av løyve for radioamatørar skal betale kr 2 000 i eingongsgebyr ved tildeling av løyvet.

Innehavar skal betale kr 1 000 i eingongsgebyr ved endringar i kallesignal, tildeling av eigne kallesignal til enkeltståande arrangement, og tildeling av eigne kallesignal til grupper, klubbar og foreiningar.

§ 12. Sektoravgift og gebyr for sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio og lågeffektsystem

Sektoravgift for sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio er for

1. kvar basestasjon kr 620,
2. kvar mobile stasjon kr 210.

Eingongsgebyr for kvar ekstra ein-frekvenskanal til gjeldande løyve er kr 420.

Sektoravgift for sendarløyve for lågeffektsystem er kr 620.

§ 13. Sektoravgift for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester

Dei som har sendarløyve for riksdekkjande kringkastingsnett, skal betale ei sektoravgift på kr 500 000 for kvart nett, i tillegg til ei sektoravgift for kvar sendar etter tredje ledd.

Dei som har sendarløyve for andre kringkastingsnett, skal betale ei sektoravgift på kr 2 000 for kvart nett, i tillegg til ei sektoravgift for kvar sendar etter tredje ledd.

For kvar sendar skal dei betale sektoravgift som går fram av tabellen under.

Frekvensband	Type nett	Sendareffekt <50 W skal betale i kr	Sendareffekt 50- 1000W skal betale i kr	Sendareffekt >1000W skal betale i kr
Sendar i frekvensband < 30 MHz	riksdekkjande kringkastingsnett	11 790	19 655	39 305
Sendar i frekvensband < 30 MHz	andre kringkastingsnett	23 585	39 305	78 610
Sendar i frekvensband ≥ 30 MHz	riksdekkjande kringkastingsnett	235	395	785
Sendar i frekvensband ≥ 30 MHz	andre kringkastingsnett	470	785	1 570

§ 14. Sektoravgift for andre sendarløyve

Sektoravgift for sendarløyve som ikkje fell inn under §§ 12 og 13, vert fastsett etter denne paragrafen.

Innehavar av jordstasjoner for satellitt skal betale ei sektoravgift for kvart frekvensband han sender i. For jordstasjoner på Svalbard og i Antarktis skal innehavar i tillegg betale ei sektoravgift for kvart frekvensband han tek i mot signal i. Sektoravgifta utgjer kr 6 000 per frekvensband per jordstasjon.

Innehavar av stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt og punkt til multipunkt, skal betale sektoravgift avhengig av utstrålt effekt (e.r.p.) på denne måten:

1. stasjoner med effekt under eller lik 0,5 W: kr 210 for kvar sendar,
2. stasjoner med effekt høgare enn 0,5 W: kr 620 for kvar sendar.

For andre sendarar skal det betalast sektoravgift i samsvar med tabellen under.

Frekvensband	Bandbreidde	Pris per sendar i kr
Frekvensband lågare enn 1 GHz	Til og med 25 kHz	620
Frekvensband lågare enn 1 GHz	Frå 25 kHz til og med 150 kHz	830
Frekvensband lågare enn 1 GHz	Over 150 kHz	2500
Frekvensband frå og med 1 GHz til 5,15 GHz	Til og med 2 MHz	830
Frekvensband frå og med 1 GHz til 5,15 GHz	Over 2 MHz	1390
Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz	Til og med 25 MHz	830
Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz	Frå 25 MHz til 55 MHz	1 390
Frekvensband frå og med 5,15 GHz til 8,5 GHz	Frå og med 55 MHz	2500
Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz	Til og med 25 MHz	620
Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz	Frå 25 MHz til 55 MHz	830
Frekvensband frå og med 8,5 GHz til 20 GHz	Frå og med 55 MHz	1 390
Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz	Til og med 25 MHz	280
Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz	Frå 25 MHz til 55 MHz	410
Frekvensband frå og med 20 til 57 GHz	Frå og med 55 MHz	830
Frekvensband frå og med 57 GHz		140

For sendarar som nyttar MIMO-teknologi skal det ikkje betalast sektoravgift dersom dei allereie betalar sektoravgift for same stasjonar med same frekvens, polarisasjon og bandbreidde.

§ 15. Sektoravgift for spektrumsløyve

Innehavar av spektrumsløyve skal betale sektoravgift. Samla sektoravgift for spektrumsløyve er beløpet etter § 3 andre ledd nummer 2, der sektoravgift og gebyr etter §§ 11 - 14 og § 16 er trekt frå.

20 % av beløpet etter første ledd skal fordelast mellom dei med spektrumsløyve med ein lik del for kvar samanhengande frekvensblokk dei disponerer. Dei skal i tillegg betale sektoravgift etter tredje ledd.

Beløpet etter første ledd, der summen av andre ledd første punktum er trekt frå, skal fordelast mellom dei med spektrumsløyve i høve til bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar. Bandbreidda vert tilordna ei vekt lik $1/f$, der f er senterfrekvensen i det frekvensbandet frekvensblokk ligg i. Bandbreidda vert òg tilordna ei vekt som i tabellen under. Frekvensband som ikkje er nemnt i tabellen, vert tilordna ei vekt lik 1. For regionale løyve vert denne vekta multiplisert med brøkdelen av befolkninga i Noreg som er busett i dekningsområdet for løyvet. For Svalbard vert vekta multiplisert med $1/100$. For området offshore vert vekta multiplisert med $1/5$. Sektoravgifta som vert rekna ut på grunnlag av disponert bandbreidde, er lik den vekta bandbreidda som spektrumsløyvet omfattar, delt på den samla vekta bandbreidda multiplisert med beløpet etter tredje ledd første punktum.

Frekvensband	Vekt
0 – 30 MHz	0,025
47 – 68 MHz	0,1
137 – 174 MHz	4,0
174 – 240 MHz	7,0
380 – 400 MHz	3,0
400 – 470 MHz	6,0
470 – 790 MHz	3,0
791 – 821/832 – 862 MHz	8,0
870 – 880/915 – 925 MHz	4,0
880 – 915/925 – 960 MHz	9,0
1710 – 1785/1805 – 1880 MHz	17,0
1900 – 1980/2110 – 2170 MHz	20,0

§ 16. Andre frekvensgebyr og sektoravgifter

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje sektoravgift for internasjonal koordinering for satellittverksemd, sektoravgift for tildeling av løyve og tilsyn med jordstasjonar for satellitt på Svalbard og i Antarktis, sektoravgift for Forsvaret sine frekvensløyve, sektoravgift for frekvensløyve for maritim radioverksemd og sektoravgift for frekvensløyve knytt til luftfartsverksemd.

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje gebyr eller sektoravgift for frekvensløyve som ikkje er omfatta av reglane i første ledd eller reglane i §§ 11 - 15.

Kapittel IV

§ 17. Sektoravgift og gebyr for løyve for aeromobilt radioutstyr

Eingongsgebyr for registrering av installert radioutstyr i luftfartøy er for:

1. fullt utstyrt luftfartøy over 9000 kg kr 1 450,
2. fullt utstyrt luftfartøy under 9000 kg kr 1 050,

3. luftfartøy som ikkje er fullt utstyrt kr 600.

Sektoravgift er kr 550 for:

1. løyve for aeromobilt radiokommunikasjonsutstyr om bord i luftfartøy,
2. løyve for radionavigasjonsutstyr om bord i luftfartøy,
3. løyve for pulsutstyr om bord i luftfartøy,
4. løyve for nødpeilesendar (ELT) om bord i luftfartøy.

Sektoravgift for løyve for terminalutstyr om bord i luftfartøy er kr 1 400.

Sektoravgift for løyve for radioutstyr som kan overføre data/tale på landmobile, maritime og/eller private kanalar om bord i luftfartøy er kr 950.

§ 18. Sektoravgift for løyve for personleg nødpeilesendar

Sektoravgift for løyve for personleg nødpeilesendar er kr 400.

§ 19. Sektoravgift for registrert leverandør eller radioforhandlar

Sektoravgift for registrert leverandør av radio- og terminalutstyr er kr 7 000.

Sektoravgift for registrert radioforhandlar er kr 1 500.

§ 20. Sektoravgift for autorisert verksemd

Sektoravgift for autorisert verksemd er kr 4 200.

§ 21. Andre sektoravgift eller gebyr

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan ved enkeltvedtak fastsetje sektoravgift og gebyr for nasjonal godkjenning av radio- og terminalutstyr og for løyve for radioutstyr som ikkje er omfatta av reglane i §§ 17 til 20.

Kapittel V

§ 22. Unntak

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit kan i særlege høve gjere unntak frå forskrifta i kapittel I, II, III og IV.

Stor variasjon i sektoravgift og gebyr frå eit år til neste kan reknast som særleg høve etter fyrste ledd

§ 23. Klageinstans

Samferdselsdepartementet avgjer klage på enkeltvedtak etter denne forskrifta.

§ 24. Sanksjonar

Dersom sektoravgift eller gebyr ikkje vert betalt kan Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit trekkje tilbake løyve, nekte bruk og nekte å utferde nye løyve.

Bruk av sanksjonar endrar ikkje plikta til å betale fastsett sektoravgift eller gebyr.

§ 25. Iverksetjing mv.

Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.

Frå same tid som forskrifta tek til å gjelde vert forskrift 21. februar 2005 nr. 168 om gebyr til Post- og teletilsynet oppheva.

Merknader til dei enkelte føresegnene

Kapittel I

Til § 1 Formål

Formålet med forskrifta er å finansiere Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) sine oppgåver slik at etaten er sjølvfinansiert. At Nkom er sjølvfinansiert betyr at Nkom sine brukarar finansierer verksemda deira, med unntak av nokre få postar der Nkom mottar statleg støtte. Slik statleg støtte gjelde mellom anna refusjon til radiostøykontrollen. I hovudsak skal finansieringa av Nkom sikrast av sektoravgift og gebyr frå aktørar og brukarar i medhald av lov eller forskrift.

Inntekta Nkom rår over skal nyttast best mogleg for å leggje til rette for framtidsretta og gode post- og ekomtenester i Noreg, jf. ekomloven § 1-1 og postloven § 1. Med "best mogleg" meinast at Nkom skal søkje å arbeide effektivt og rasjonelt, og skal nytte ressursane til dei oppgåvene som er mest nødvendige til ei kvar tid, for kvar av sektorane som svarer sektoravgift og gebyr. I tillegg er Nkom tilsynsorgan etter lov om elektroniske tillitstjenester, og skal også nytte ressursane som kjem frå desse brukarane best mogleg. Auka bevisstheit rundt bruk av ressursane stiller krav til at Nkom også vurderer kor ressursane kan og bør nyttast best innan tilskotsbrevet sine rammer. Arbeidsoppgåver skal også gjerast med god kvalitet. Det er opp til Nkoms leiing å finne balansen mellom effektivitet og kvalitet.

Nkom skal levere eit arbeid som gir gode resultat for post- og ekombransjen, og for aktørane som driv med elektroniske tillitstjenester. Oppgåvene som Nkom utfører, skal gjerast slik at sektorane vert drivne framover. Nkom bør frå tid til anna vurdere om midlane vert nytta på ein måte som leier til gode ekom- og posttenester. Inntekta skal nyttast effektivt og produktivt for å sikre framtidsretta og gode post- og ekomtenester, jf. mellom anna forarbeida til ekomloven § 1-1, jf. Ot.prp. nr. 58 (2002-2003) og forarbeida til postloven, jf. Prop.109 L (2014-2015).

Det følgjer av forarbeida til ekomloven, jf. Ot. Prp. Nr. 58 (2002-2003) side 83 at å sikre "gode tjenester" mellom anna inneber at omsyn til forbrukar vert tekne hand om, og at sluttbrukarar kan kommunisere seg imellom uavhengig av kva tilbydar dei er knyta til. Gode tenester er også tenester som oppfyller sikkerheitskrav slik at brukarar har tilgang i krise og krig. Det skal leggjast til rette for å sikre kvalitet på nett og tenester og at brukarar har tilgang til dei ekomtilbyderane dei ønsker. Det er vidare eit formål at lova tar sikte på å fremje framtidsretta tenester. Innovasjonsprega investering i marknad og drift er difor viktig.

Når det gjeld post ligg det i framtidsretta posttenester at tenester skal vere eigna til å oppfylle det nasjonale behovet for posttenester over tid. Gode posttenester inneber mellom anna at forbrukarane sine behov for post skal verte tekne hand om innanfor ressursane som er tilgjengelege. Både forbrukarar og små verksemdar er omfatta. Det vert vidare stilt krav om at brukarane skal ha fleire val når det gjeld variasjon i tenester. Posttenester skal fungere i krise og krig, og i andre ekstraordinære situasjonar. Gode posttenester inneber også krav til at

tenestene skal vere tilgjengelege, fortrulege og ha integritet. Posten må heller ikkje kome uvedkommande i hende eller bli borte.

Til § 2 Fordeling mellom sektoravgift og gebyr

Departementet foreslår ein paragraf som understrekar at inntekta til Nkom kjem frå både sektoravgift og gebyr, og at det er eit skilje mellom kva som vert kravd inn som sektoravgift og kva som blir rekna for å vere gebyr. I Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 om *"bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering"* er skilnaden mellom gebyr og sektoravgift klart definert. Det følgjer av rundskrivet at gebyr inneber at mottakaren ikkje skal betale meir enn kostnaden av å produsere og levere tenesta og at plikta til gebyr er knytt til den som mottar tenesta. Til liks med gebyr har også sektoravgift eit avgrensa statsfinansielt formål ved at sektoravgifta ikkje må overstige kostnadane ved oppgåva sektoravgifta skal finansiere. Sektoravgift vert nytta til å finansiere fellestiltak overfor ei næring eller ein sektor når sektoravgifta vert betalt av aktørar som høyrer til eller har tilknytning til sektoren, til dømes i samanheng med verksemda til tilsynsorgan. Ordninga skal tolkast i tråd med R-112/15.

Ein gjennomgang av gjeldande forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet viser at nær alt av Nkom sine aktivitetar ber preg av å vere fellestiltak. Den nye forskrifta inneber difor at det i hovudsak er sektoravgifter som finansierer Nkom si verksemd.

Departementet foreslår ein ny § 2 første ledd som fastset at sektoravgift vert berekna på grunnlag av Nkom sine samla kostnader. Berekninga vert gjort på bakgrunn av anslått ressursbruk innafor dei ulike forvaltningsområda, og innafor ramma som vert fastsett av Stortinget i det årlege budsjettvedtaket.

Departementet foreslår vidare i ny § 2 andre ledd ei føresegn som fastset at gebyr som vert kravde inn reduserer storleiken på sektoravgifta som kan krevjast inn kvart år og innanfor kvart enkelt forvaltningsområde.

Til § 3 Sektoravgift og gebyrfordeling mellom forvaltningsområde

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 1 med enkelte endringar i ny § 3. For det første vert overskrifta endra for å reflektere at Nkom no kan krevje inn sektoravgift og enkelte gebyr frå aktørane innafor dei ulike forvaltningsområda. For det andre vert sektoravgift bytt ut med gebyr dei fleste stader i føresegna.

Departementet foreslår at gjeldande § 1 andre ledd nr. 1 vert ny § 3 andre ledd nr. 1. Departementet foreslår vidare å redusere delen som vert betalt i sektoravgift etter § 3 andre ledd nr. 1 frå 49 til 48 prosent. Bakgrunnen er ei auke i sektoravgifta til posttilbydarane, jf. omtalen under. Vidare foreslår departementet at det utgår at Nkom kan krevje sektoravgift frå tilbydarar av tilhøyrande fasilitetar. Sjå merknaden til ny § 9 for meir om dette.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 1 andre ledd nr. 2 som ny § 3 andre ledd nr. 2. Det vert ikkje foreslått endringar her fordi andelen inntekt frå frekvensbrukarane er dekkande for arbeidet Nkom gjer på frekvensområdet.

Gjeldande § 1 andre ledd nr. 3 foreslår departementet også å vidareføre som ny § 3 andre ledd nr. 3.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 1 andre ledd nr. 4 som ny § 3 andre ledd nr. 4 med ei endring. Departementet foreslår ein auke i delen sektoravgift til tilbydarane av post frå

2 til 3 prosent. Auken har bakgrunn i at Nkom nyttar fleire ressursar i arbeidet med posttenester enn tidligare etter at postmarknaden er fullt liberalisert. Justeringa inneber ein vesentleg auke i sektoravgift for posttilbydarar. Departementet meiner likevel at auken speglar graden av arbeid Nkom gjer på postområde. I Finansdepartementet sitt rundskriv går det fram at formålet bak sektoravgifta er heilt eller delvis å finansiere utgiftene til bestemte tiltak. Satsane skal fastsetjast slik at sektoravgifta oppfyller sitt finansieringsformål, og det skal ikkje krevjast inn for mykje. Satsar skal justerast for å tilpasse målet. Departementet viser også til Prop.109 L (2014-2015) punkt 12.8 side 59 der det følgjer at ny postlov legg opp til ein vesentleg auke i ressursbruken hos Nkom:

"Endringene i reguleringen medfører også endringer i arbeid og ansvar for postmyndigheten. Blant annet innebærer lovforslaget økt ressursbruk knyttet til forvaltning av postnummersystemet og felles bruk av postnett. I en overgangsfase vil det også gå med ekstra ressurser til opprettelse av en brukerklagenemnd. Sammen med en rekke andre bestemmelser som medfører en endret tilsynsrolle, anslås det at Nasjonal kommunikasjonsmyndighet vil måtte øke ressursbruken til å følge opp postmarkedet med mellom to og tre årsverk."

Departementet finn difor at ein auke frå 2 til 3 prosent er nødvendig og speglar arbeidet Nkom no skal utføre på postområdet.

Til § 4 Periode for sektoravgift og gebyr

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 2 i ny § 4 med nokre endringar. Det vert presisert i overskrifta at perioden no gjeld både sektoravgift og gebyr. Departementet foreslår at § 4 første ledd fastset at det skal betalast sektoravgift for heile kalenderåret når løyve, registrering eller autorisasjon er gyldig ved starten av året.

Det vert foreslått i andre ledd at når løyve, registrering eller autorisasjon vert gitt før 1. juli skal sektoravgifta for heile året betalast. I andre ledd andre punktum vert det foreslått å innføre ein regel som fastset at det berre skal betalast halv sektoravgift for registreringar, løyve eller autorisasjonar som vert gjort etter 1. juli. Blir innehavar eller eit løyve registrert hos Nkom seint på året, kan det virke lite rimelig å betale full sektoravgift. Endringsforslaget er meint å imøtekomme tilbakemeldingar frå Nkom sine brukarar.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 2 andre ledd i ny § 4 tredje ledd slik at det ikkje skal betalast sektoravgift for det følgjande året dersom løyve, registrering eller autorisasjon vert oppsagt innan starten av eit kalenderår.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande regel i § 2 første ledd om at gebyr kan fastsetjast som eit eingongsgebyr, i § 4 fjerde ledd. Dette har bakgrunn i reglane om klassifisering av gebyr, jf. vurderinga ovanfor. Gebyr vert ikkje delt opp i halvårlege gebyr fordi beløpet som Nkom krev inn i gebyr speglar det arbeidet Nkom har med registreringa og tilrettelegginga.

Til § 5 Regulering av sektoravgift og gebyr

Departementet foreslår ei ny føresegn i forskrifta § 5 som fastset at Nkom årleg kan justere satsar og beløp for sektoravgift og gebyr. Dette gir Nkom moglegheit til å gjere regelmessige justeringar basert på endringar som måtte kome, og i tråd med prinsippet om at det ikkje skal krevjast inn for mykje i sektoravgift og gebyr. Justeringar vil kunne gjerast med grunnlag i utviklinga i konsumprisindeksen eller justeringar som må gjerast for å vere betre i overeinskomst med dei totale utgifter Nkom har til dei enkelte oppgåvene Nkom utfører.

Departementet meiner at forslaget er i tråd med Finansdepartementet sitt rundskriv R -112/15 punkt 3.1.2, nr. 2) der det går fram at:

"satsene skal gjennomgås og om nødvendig oppdateres i tilknytning til den årlige budsjettprosessen."

Same føresetnad følgjer av Ot.prp.nr. 58 2002-2003 side 128:

"[p]å bakgrunn av kravet om at den totale sum som kreves inn i gebyr skal være i overensstemmelse med de totale utgifter, vil det være behov for regelmessige (årlige) justeringer av de detaljerte reglene om gebyr, inkludert eventuelle gebyrfordelingsnøkler."

Dersom slike justeringar av satsane gjer større utslag, så skal dei varslast til dei som betaler gebyr og sektoravgift i god tid. Eventuelt kan endringane gjerast over to eller fleire år.

Kapittel II

Til § 6 Sektoravgift og gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

I ny § 6 foreslår departementet å vidareføre gjeldande § 3 med enkelte endringar. Det vert foreslått å endre overskrifta slik at det går fram at både sektoravgift og gebyr kan krevjast inn etter føresegna. Vidare foreslår departementet ei endring i paragrafen slik at det som tidlegare heite gebyr no skal heite sektoravgift, med unntak av gjeldande § 3 tredje ledd som gjeld eingongsgebyr.

Departementet foreslår å vidareføre satsane i gjeldande § 3 første ledd til ny § 6 første ledd som gjeld årleg sektoravgift som skal betalast for løyve til bruk av nummerressursar i nummerplan for telefon m.m. (E.164).

Vidare foreslår departementet å vidareføre satsane i gjeldande § 3 andre ledd til ny § 6 andre ledd om sektoravgift for disponering av nummerressursar i andre nasjonale obligatoriske nummerplanar.

Departementet viser til at det i samband med forslaga til endring av gebyrforskrifta i 2014 vart gjort ei endring av fleire av beløpa i gjeldande § 3. Dei fleste gebyra vart då sette ned etter at det vart føreteke ei oppteljing av ressursane som vart nytta på dei ulike postane.

Departementet har ikkje funne grunn til å justere satsane i ny § 6 første eller andre ledd i denne omgang.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 3 tredje ledd som blir ny § 6 tredje ledd om eingongsgebyr for løyve til bruk og registrering etter frivillige nummerplanar. Eingongsgebyr skal framleis vere eingongsgebyr fordi gebyret står i klar samanheng med den konkrete tenesta som Nkom utfører, og er dermed innafor bruksområdet for omgrepet "gebyr" etter reglane om statleg gebyr- og sektoravgiftsfinansiering. Departementet foreslår å redusere satsen på eingongsgebyret frå kr 3 000 til kr 1 700 for å reflektere Nkom sine utgifter med registreringa.

Til § 7 Sektoravgift for tillitstenester

I gjeldande § 5 er det vedteke gebyr for sertifikatutferdarar og verksemder som deler ut domenenamn. Departementet foreslår ei oppdeling av føresegna slik at ein får éi føresegn i §

7 som gjeld sektoravgift for sertifikatutferdarar, og éi føresegn i § 8 som gjeld sektoravgift for verksemdar som deler ut domenenamn.

I § 7 vert det foreslått å vidareføre gjeldande § 5 første ledd som gjeld Nkom sin rett til å fastsetje gebyr for sertifikatutferdar. Departementet foreslår å endre bruken av omgrepet gebyr til sektoravgift, og oppdatere føresegna til nye reglar om elektroniske tillitstenester. Ny § 7 vil difor gjelde sektoravgift for registreringspliktig, sektoravgift for frivillige sertifiserings-, godkjenningss- eller sjølvdeklarasjonsordningar, i samsvar med ny lov om elektroniske tillitstjenester.

Heimel for å krevje inn gebyr frå sertifikatutferdar er gitt i lov om elektronisk signatur (esignaturloven). I 2014 vart Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 910/2014 om elektronisk identifisering og tillitstenester for elektroniske transaksjonar på den indre marknaden og om oppheving av direktiv 1999/93/EF (eIDAS-forordninga), vedteken. Forordninga legg til rette for auka elektronisk samhandling mellom næringar, borgarane og offentlege myndigheiter mellom landegrensar i EU/EØS. Endringane styrkar og utvidar reglane om elektronisk signatur, regulerer eID og omfattar også andre typar elektroniske tillitstenester. Forordninga omfatta regler for gjensidig aksept av løysingar for elektronisk identifisering (eID), og gjensidig aksept av elektronisk signatur og andre tillitstenester. eIDAS-forordninga er EØS-relevant og Nærings- og fiskeridepartementet har utarbeida eit forslag til ny lov som gjennomfører nemnde forordning og opphevar dagens esignaturlov.

Høyringsfristen for lov om elektroniske tillitstjenester var 1. mars 2016. I § 7 i lovforslaget vert tilbydarar si plikt til å betale gebyr til myndigheitene regulert, og er ei vidareføring av dagens regulering i esignaturloven. Heimelen må endrast til også å omfatte sektoravgift, noko som ikkje ligg inne i lovforslaget som vart sendt på høyring.

Plikta til tilsynsmyndigheitene vert auka for å sikre at forordninga sine krav til kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester vert oppfylt. Tilsynsmyndigheitene skal blant anna utføre tilsynsaktiviteter i forkant (ex ante) av at ein kvalifisert tillitsteneste blir utferda, og ved etterfølgande (ex post) tilsynsaktivitetar overfor kvalifiserte tillitstenestetilbydarar. Tilsynsmyndigheitene skal også når det er nødvendig foreta handlingar overfor ikkje-kvalifiserte tilbydarar av tillitsteneste. Tilsynsmyndigheita skal samarbeide med andre tilsynsmyndigheiter, analysere samsvarsrevisjonsrapporter, informere om uønskte sikkerheitshendingar, rapportere til Kommisjonen/EFTA om utført tilsynsaktivitet, gje og trekke tilbake kvalifisert status på tillitstenester og informere ansvarleg myndigheit for tillitslista slik at denne kan oppdaterast. Etter planen skal ny lov tre i kraft 1. januar 2017.

Dei nye oppgåvene vil gjere at Nkom sitt budsjett for å gjere tilsyn må oppjusterast i tråd med kostnadane.

Til § 8 Sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 5 andre ledd i ny § 8 om at det kan fastsetjast sektoravgift for verksemd som deler ut domenenamn under norsk landkodedetopppdomene i samsvar med ekomloven og domeneforskriften. Departementet foreslår å endre omgrepet gebyr til sektoravgift. Tilvisinga til ekomloven § 12-1 fell vekk fordi ho er overflødig.

Til § 9 Sektoravgift for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 6 som ny § 9 med nokre endringar.

Nokre av endringane departementet foreslår i ny § 9 vart også omtala i høyringsrunda i 2014. I denne omgang foreslår departementet at omgrepet gebyr vert bytta ut med sektoravgift i § 9 og i overskrifta til føresegna.

Departementet foreslår vidare å fastsetje i § 9 første ledd korleis sektoravgift for tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste skal bereknast og at berekninga skal gjerast "på eit overordna nivå". Omgrepet "på eit overordna nivå" er i gjeldande § 6 andre ledd knytt til kva som vert sett på som å vere inn under relevant omsetning. Departementet meiner at omgrepet "på eit overordna nivå" ikkje bør vere knyta til fastsetjinga av kva som er relevant omsetning i marknaden, men til fastsetjinga av sjølve sektoravgifta. Det bør gå fram av føresegna at berekninga av sektoravgifta skjer på eit overordna nivå, i den forstand at dei ulike delmarknadane ikkje vert splitta opp ved fastsetjing av sektoravgift for den einskilde tilbydaren. Departementet foreslår difor å flytte omgrepet "på eit overordna nivå" til § 9 første ledd, slik at det går tydeleg fram at fordelinga av sektoravgifta mellom tilbydarar av elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste vert gjort på eit overordna nivå.

Departementet foreslår å ikkje vidareføre omgrepet "tilhøyrande fasilitetar" i gjeldande § 6 første ledd, fordi etter gjeldande praksis vert ikkje tilbydarane pålagt gebyr av slike tenester. Det er difor ikkje grunn til å vidareføre omgrepet i ny § 9 første ledd.

Gjeldande § 6 andre ledd fastset at beløpet etter gjeldande § 6 første ledd skal fordelast forholdsmesseg mellom tilbydarar med relevant omsetning. Departementet foreslår at gjeldande § 6 andre ledd vert vidareført i § 9 andre ledd med nokre endringar knytt til kva som skal reknast som relevant omsetning.

Departementet foreslår å fjerne uttrykket i gjeldande § 6 "mellom anna sluttbrukaromsetning" for å tydeleggjere at omsetning frå grossistmarknaden skal takast med i utrekningssgrunnlaget når ein bestemmer fordelinga av den samla sektoravgifta.

I gjeldande forskrift § 6 andre ledd er det fastsett at all omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonsteneste kan takast med ved deling av samla sektoravgift. I praksis har derimot relevant omsetning vorte avgrensa til omsetninga som går fram av dømet i forskrifta, dvs. omsetninga i sluttbrukarmarknadene for dei ulike tenestene. Unntak frå dette er omsetninga for produktet leigde liner, der det i praksis har vist seg vanskeleg å skilje omsetninga i sluttbrukarmarknaden frå omsetninga i grossistmarknaden. Når det gjeld omsetning knytt til leigde liner, vil difor all omsetning verte teken med i utrekninga.

Etter ekomloven § 12-1 vil Nkom kunne krevje sektoravgift til dekning av kostnadar knytt til forvaltningsoppgåver som følgjer av ekomloven. Tilsynsoppgåvene som Nkom har er ikkje avgrensa til tilbydarar som leverer tenestene sine direkte til sluttbrukarar. Dagens praktisering medfører at eventuelle tilbydarar med omsetning berre frå grossistmarknaden ikkje vert omfatta (bortsett frå omsetning av leigde liner i grossistmarknaden) samtidig som tilbydarar som berre har sluttbrukaromsetning finansierer tilsynsoppgåver retta mot tilbydarar i grossistmarknaden. Det synest hensiktsmessig at sektoravgifta i større grad vert fordelt forholdsmessig mellom alle tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og elektroniske kommunikasjonstenester som Nkom har tilsyn med.

Berekninga vert bestemt på grunnlag av innrapporterte tal, og vil etter gjeldande praksis vere avhengig av om tilbydaren rapporterer omsetninga som sluttbrukar- eller grossistomsetning. Ved å ta med all omsetning i utrekninga unngår ein problem med usikkerheit rundt fordelinga. Når all omsetning vert teke med, vert det dessutan truleg lettare å kontrollere omsetningstala som vert nytta i berekninga av sektoravgifta, ettersom desse enklare kan samanliknast med den finansielle rapporteringa. Departementet meiner også at ein generelt skjerpa kontroll av grossistrapporteringa vil kunne betre grunnlaget for kvalitetssikring av sluttbrukaromsetninga. Fram til 2011 vart omsetning på datakommunikasjon berre rapportert på sluttbrukarnivå. I rapporteringa for 2011 vart rapporteringa splitta til å gjelde både sluttbrukar- og grossistomsetning. Dette førte til ein vesentleg nedgang i den samla rapporterte sluttbrukaromsetninga for datakommunikasjon samanlikna med tidlegare år. Endringa og det auka fokuset på sluttbrukar- og grossistnivå gav eit betre bilete av sluttbrukaromsetninga.

Det går fram av gjeldande § 6 at omsetning knytt til kringkasting inngår i relevant omsetning. Derimot er det gjort unntak for omsetning knytt til satellittkringkasting. I praksis vil det seie at omsetning knytt til levering av TV-tenester vert teken med i relevant omsetning når leveringa skjer via breibandstilgang, kabel-TV-nett og digitalt bakkenett, men ikkje når leveringa skjer via satellitt. Departementet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å oppretthalde unntaket for satellittkringkasting og foreslår å ikkje vidareføre unntaket som gjeld dette.

1. Omsetning ved distribusjon av TV-innhald

Omsetninga som vert lagt til grunn ved utrekninga av sektoravgift for tilbydarar av elektroniske kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonstenester skal vere knytt til områda som Nkom har tilsyn med, dvs. verksemd som er knytt til elektronisk kommunikasjon og tilhøyrande utstyr. Når det gjeld TV-tenester vert sjølv *distribusjonen* av TV-innhaldet rekna som elektronisk kommunikasjon som fell inn under verkeområdet til ekomloven. Ved fastsetjinga av gebyr til Nkom etter gjeldande forskrift vert difor omsetning frå sal av TV-tenester (inkludert omsetning knytt til sal av TV-innhald) rekna med i omsetningstala.

Det følgjer av både ekomloven § 12-1 og gjeldande forskrift § 6 at det er "*omsetninga i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og –teneste*" som skal inngå i relevant omsetning. Innhald vert ikkje regulert av ekomloven, og dette talar for at omsetning knytt til sjølv innhaldet ikkje bør takast med i fastsetjinga av relevant omsetning. Når det gjeld fellesfakturerte tenester, har Nkom endra praksis slik at omsetning knytt til innhald ikkje lenger vert rekna som relevant omsetning – nettopp ut frå grunngevinga om at innhald fell utanfor verkeområdet til ekomloven (sjølv om felles fakturerte tenester fell innanfor). Ei tilsvarende endring kan tenkast også for TV-innhald. I samband med distribusjon av TV-innhald er saka derimot meir komplisert. Omsetningstala knytt til distribusjon av TV-innhald er ikkje fordelte på sjølv TV-innhaldet og distribusjonstenesta, som er ekomtenesta.

I høyringsrunda for ny gebyrforskrift i 2014 vart ulike alternativ for korleis ein skulle halde innhald utanfor relevant omsetning presenterte. Ei mogleg løysing er at Nkom tek med omsetning frå TV-distribusjon i berekninga av sektoravgift, men at ein i rapporteringa til Nkom opererer med ei brutto og ei netto omsetning. Netto omsetning vil då seie omsetning frå TV-distribusjonen, med frådrag for det distributøren betalar innhaldsleverandøren/ kringkastaren. Ein unngår dermed at tilbydarane sjølv kan "flytte" omsetninga mellom dei ulike (delane av) tenestene. Samtidig vil det vere ei overkomeleg oppgåve for Nkom å kontrollere nettoomsetningstala. Løysinga inneber at eventuelle påslag som TV-distributøren gjer på innhaldsdelen av tenesta, framleis inngår i den relevante omsetninga. Reint prinsipielt kan dette oppfattast som feil, i og med at omsetninga er knytt til TV-innhald.

I høyringssvara i 2014 kom det ein del synspunkt til dette punktet. Det var generell einigheit om at ein skulle halde innhald utanfor relevant omsetning, men at forslaget ikkje var nøyaktig nok ved at påslag framleis er del av den relevante omsetninga. I denne høyringsrunda står vi med to alternative løysingar.

Alternativ I

Det eine alternativet er å gå for løysinga skissert over, der aktørane rapporterer inn brutto og netto omsetning, men der påslag/margarinar framleis inngår i den relevante omsetninga. Fordelen med ei slik ordning er at ho gir rom for ei reell etterprøving og kontroll frå Nkom. I dette alternativet synest Nkom å ha ein betre sjanse til å føre tilsyn med aktørane, og til å innhente dokumenterbare opplysningar. Utfordringa med dette alternativet er at påslag/margarinar på innhald som ikkje er ein del av den relevante omsetninga, vert omfatta.

Alternativ II

Det andre alternativet er å la aktørane også trekke frå påslag/margarinar relevant for TV-innhaldet og sjølve rapportere kor mykje av omsetninga som er knytt til sjølve innhaldet i tenesta, og kor mykje som er knytt til ekomtenesta. Denne løysinga kan oppfattast å vere meir prinsipielt riktig. Nkom har ikkje historisk data for å etterprøve utviklinga i desse påslaga på innhald for TV-tenester, noko som inneber eit moment av usikkerheit.

2. Eksternt sal i konsern eller selskap

I utgangspunktet er kvart føretak ein juridisk person og eit eige sektoravgiftssubjekt som skal betale sektoravgift som er utrekna på grunnlag av omsetninga til føretaket. Det følgjer likevel av den gjeldande forskrifta § 6 andre ledd tredje punktum at "*[r]elevant omsetning er omsetning i marknaden for elektronisk kommunikasjonsnett og- teneste, mellom anna sluttbrukaromsetning for eksternt sal i konsern eller selskap (...)*". Departementet forstår med denne presiseringa at sal til selskap i same konsern eller sal mellom einingar innafor same føretak ikkje skal reknast som relevant omsetning. Det synest nødvendig å vidareføre denne presiseringa, og departementet meiner at ho vert endå viktigare dersom praksisen vert lagd om slik at omsetninga på grossistnivå i større grad inngår i relevant omsetning. Presiseringa hindrar at omsetning frå sal av grossistprodukt frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern inngår i relevant omsetning.

Eit konsernforhold er kjenneteikna av at eit selskap har avgjerande makt over eitt eller fleire andre selskap. Konserndefinisjonen i lov om aksjeselskaper § 1–3 og lov om allmennaksjeselskaper § 1–3 føreset at morselskapet er eit norsk aksjeselskap. I utgangspunktet vil konsernomgrepet i aksjelova og allmennaksjelova difor ikkje omfatte tilfelle der eit utanlandsk selskap representerer fleirtalet av røystene. I samanheng med denne forskrifta bør ein nytte eit meir vidfemnande konsernomgrep. Omsetning frå sal frå eitt konsernselskap til eit anna i same konsern bør kunne fritakast sjølv om morselskapet ikkje er heimehøyrande i Noreg, dersom salet vert gjort mellom to selskap som begge er heimehøyrande i Noreg.

3. Geografisk avgrensa til Noreg

I gjeldande forskrift § 6 andre ledd siste punktum er relevant omsetning definert som omsetning i marknaden for elektroniske kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonstenester geografisk avgrensa til Noreg. Dette har blitt tolka som at relevant omsetning er omsetning som føretak heimehøyrande i Noreg har i samband med kommunikasjonsnett i Noreg og elektroniske kommunikasjonstenester som vert nytta i Noreg.

Omsetning som føretaka har når kunden oppheld seg i utlandet (internasjonal gjesting), vert dermed ikkje rekna inn under relevant omsetning. I praksis tek ein heller ikkje med omsetning som tilbydarane får ved at sluttbrukarar som er heimehøyrande i andre land, gjestar nettverket til den norske tilbydaren. Dette trass i at det dreiar seg om ei teneste som både vert tilbydd og nytta i Noreg.

Det er ikkje føremålstenleg at inntekter som norske tilbydarar får gjennom internasjonal gjesting skal ekskluderast frå relevant omsetning. Nkom har ei rekkje tilsynsoppgåver knytt til etterleving av regelverket om internasjonal gjesting. Den geografiske avgrensinga bør knytast til kor vidt tilgangen til nettet eller tenesta *vert tilbydd* i Noreg. Departementet foreslår difor ei endring i korleis "*geografisk avgrensa til Noreg*" skal forståast. Vert tilgang til elektronisk kommunikasjonsnett og/eller elektronisk kommunikasjonsteneste tilbydd i Noreg skal det reknast med i relevant omsetjing. Det avgjerande er ikkje om kunden oppheld seg innanfor eller utanfor Noreg sine grenser når tenesta vert nytta, men om det vert tilbydd i Noreg.

Når norske sluttbrukarar gjestar eit nettverk i utlandet, vil betalinga frå den norske sluttbrukaren til den utanlandske tilbydaren av gjestingstenesta i praksis skje via den norske tilbydaren som sluttbrukaren har avtale med. Dette vil ikkje vere ein del av omsetninga til den norske tilbydaren, og dermed framleis bli ekskludert frå relevant omsetning etter gjeldande § 6 andre ledd.

4. Beløpsgrensa for relevant omsetning

Beløpsgrensa for relevant omsetning har ikkje vore endra sidan forskrifta vart vedteken i 2005. Ein auke i terskelverdien for omsetning vil føre til færre avgiftspliktige selskap, medan ein reduksjon vil føre til fleire avgiftspliktige selskap. I gebyrutrekninga for 2014, der grensa var på kr 30 millionar, var 53 selskap gebyrpliktige.

Departementet foreslår å auke beløpsgrensa frå kr 30 millionar til kr 35 millionar, fordi omsetninga i marknaden har auka. Gjeldande ordning der all omsetning reknast med når ein overstig beløpsgrensa, vert foreslått vidareført.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 6 tredje ledd i ny § 9 tredje ledd om berekning etter andre kriterier enn omsetning. Departementet foreslår å endre omgrepet gebyr til sektoravgift i føreseigna.

Departementet ber særskilt om høyringsinstansane sitt syn på forslaget i ny § 9.

Til § 10 Sektoravgift for postteneste

Departementet foreslår gjeldande § 4 som ny § 10 om at Nkom kan krevje inn sektoravgift frå tilbydar av postteneste i medhald av postloven. Det vert foreslått ei språkleg endring frå gebyr til sektoravgift slik at det er sektoravgift som kan krevjast inn i medhald av føreseigna. Departementet ventar at det vil bli fleire posttilbydarar som skal betale sektoravgift for postteneste etter kvart som tilbyderane av posttenester vert fleire og meir aktive. Prinsippa i § 9 gjeld tilsvarande for utrekning av sektoravgift for posttenester så langt dei passar. Når det gjeld storleiken på omsetningsgrensa presiserer departementet at ei omsetningsgrense på kr 35 millionar ikkje gjeld for postsektoren.

Kapittel III

Til § 11 Gebyr for radioamatørløyve

Etter gjeldande § 7 må innehavarar av radioamatørløyve betale kr 2000 i eingongsgebyr til Nkom ved tildeling av løyve, inkludert kallesignal. Departementet foreslår å vidareføre gjeldande føresegn slik at eingongsgebyret på kr 2000 kan krevjast inn etter ny § 11 første ledd. Gebyret speglar arbeidet Nkom har med registreringa.

Departementet foreslår vidare i ny § 11 andre ledd at innehavar skal betale eit eingongsgebyr på kr 1000 til Nkom når kallesignal vert endra, ved tildeling av eigne kallesignal til grupper, klubbar og samskipnadar og der Nkom tildeler kallesignal til enkelståande arrangement. Endring av kallesignal kan skuldast at det søkjast Nkom om nytt kallesignal. Storleiken på gebyret speglar arbeidet Nkom har med å tildele desse kallesignala. Nkom har starta arbeidet med tildeling av ny kallesignalrekke, og det er forventet søknadar om endring av kallesignal i tida framover. Det er difor behov for å ta inn gebyr for arbeidet med dette.

Departementet foreslår ikkje å krevje gebyr for arbeid med kallesignal til ubemanna stasjonar som til dømes reléstasjonar og radiofyr. Arbeidet Nkom har med å tildele desse kallesignala, er av lite omfang, og det er difor ikkje grunnlag for å gebyrleggje slike forhold.

Til § 12 Sektoravgift og gebyr for sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio og lågeffektsystem

Sendarløyve er eit frekvensløyve som gir rett til å ta i bruk spekteret med konkrete radiosendarar. Gjeldande § 9 vert vidareført i ny § 12 om sektoravgift og gebyr for løyve til bruk av PMR og lågeffektsystem. Gjeldande § 9 første og andre ledd omhandlar utrekninga av gebyr for å ha spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR). Gjeldande § 9 tredje ledd regulerer i tillegg utrekninga av gebyr for å ha sendarløyve for PMR og sendarløyve for lågeffektsystem. Føresegna er komplisert, og det har vore vanskeleg for innehavarar og moglege søkjarar å rekne ut gebyret.

Departementet foreslår difor å innføre fastpris. Innføring av fastpris er med på å forenkle regelverket, og vil gjere utrekninga av sektoravgift og gebyr meir transparent og føreseieleg for brukarane.

Departementet foreslår i ny § 12 første ledd nr. 1 å fastsetje sektoravgift for sendarløyve for PMR til kr 620 for kvar basestasjon. Vidare føreslås i ny § 12 første ledd nr. 2 å fastsetje sektoravgift for sendarløyve for PMR til kr 210 for kvar mobile stasjon.

Departementet foreslår i ny § 12 andre ledd eit eingongsgebyr på kr 420 for kvar ekstra éin-frekvenskanal til eksisterande løyve.

Departementet foreslår i ny § 12 tredje ledd at sektoravgift for sendarløyve for lågeffektsystem skal utgjere kr 620. Grensa for lågeffektsystem vil framleis vere radiosendar med maksimalt utstrålt effekt mindre enn eller lik 500 mW.

Endringane son vert foreslått vil redusere bolken av sektoravgift til Nkom som vert teken inn gjennom PMR-løyve. Bakgrunnen for forslaget om å redusere sektoravgifta av PMR-løyve er at sektoravgift og gebyr skal spegle dei reelle kostnadene til Nkom når det gjeld faktisk arbeid med PMR.

Til § 13 Sektoravgift for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester Gjeldande § 10 omfattar i praksis analoge kringkastingssendarar. Digitale

kringkastingssendarar vert i all hovudsak rekna inn under kategorien spektrumsløyve, og vert rekna ut på grunnlag av gjeldande § 12.

Sektoravgift for sendarløyve i gjeldande § 10 består i dag av eit fast ledd, og eit variabelt ledd for kvar sendar. Fastleddet er avhengig av om det dreiar seg om eit riksnett eller lokalnett. Sektoravgifta for sendarane vert per i dag bestemt ut frå tal og vekting. Vektinga er avhengig av tre faktorar:

- kva frekvensband sendarane høyrer til i (over eller under 30 MHz)
- kva effekt sendarane har
- kva slags nett sendarane tilhøyrer (riks- eller lokalnett)

I forslaget til ny § 13 om sektoravgift for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester foreslår departementet å behalde fastledda for kvart riksnett og kvart lokalnett.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 10 første ledd i ny § 13 første ledd om at det skal betalast ei årleg sektoravgift på kr 500 000 for kvart nett. Departementet foreslår ei endring til at det no er sektoravgift og ikkje gebyr som skal krevjast inn.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 10 andre ledd i ny § 13 andre ledd om at det skal betalast ei årleg sektoravgift på kr 2 000 for kvart nett. Departementet foreslår ei endring til at det no er sektoravgift og ikkje gebyr som skal krevjast inn.

Departementet foreslår vidare ei ordning om fastpris per sendar i ny § 13 tredje ledd, der fastprisen er avhengig av effekt, kva frekvensband sendarane tilhøyrer og kva nett dei høyrer inn under (jf. forslaget til tabell). Sendarane vert, på same måte som i den gjeldande ordninga, delte inn i riksdekkjande kringkastingsnett og andre kringkastingsnett, og frekvensband under 30 MHz og frå og med 30 MHz. Medan ein i gjeldande føresegn § 10 tredje og fjerde ledd estimerer prisen for kvart år ut frå talet på sendarar i kvar kategori, foreslår departementet no i tredje ledd å setje ein årleg fastpris for kvar av kategoriane. Innføring av fastpris vil vere med på å forenkle regelverket og gjere det enklare for kunden å rekne ut eiga sektoravgift.

Til § 14 Sektoravgift for andre sendeløyve

Forslaget til ny § 14 er i utgangspunktet ei vidareføring av gjeldande § 11, men føresegna vil no omfatte sendarløyve til telemetrisystem, jordstasjonar og radarar. Sendarløyve til PMR, lågeffektsystem og løyve til kringkastingstenester vert regulert i andre føresegna.

Gjeldande § 11 fastset vekting ved avgiftsutrekningane for sendarløyve. Departementet foreslår å erstatte denne modellen med faste prisar i ny § 14. Det har vore vanskeleg for innehavarar og moglege søkjarar å rekne ut sektoravgift for løyve. Innføring av årleg fastpris er med på å forenkle regelverket og vil gjere det enklare for kunden å rekne ut eiga sektoravgift.

Departementet foreslår i ny § 14 første ledd at sektoravgift for sendarløyve som ikkje fell inn under §§ 12 og 13, vert fastsett i medhald av § 14.

Innehavar av jordstasjonar for satellitt skal betale ei sektoravgift for kvart frekvensband han sender i, jf. forslaget til ny § 14 andre ledd første punktum. Departementet foreslår i tillegg til Svalbard å ta med Antarktis. Departementet viser til høyringa frå desember 2015 av ei egen

forskrift for jordstasjonar for Antarktis i tillegg til ei eiga forskrift for jordstasjonar for Svalbard. Sektoravgift for kvart frekvensband per jordstasjon det vert teke imot signal i på Svalbard og Antarktis er foreslått fastsette til kr 6 000 då Nkom vil få ein auke i kostnadene som skuldast behandling av søknader og auka tilsyn etter nytt regelverk for jordstasjonar. Dersom det nye regelverket for jordstasjonar ikkje vert fastsett og sett i verk i 2016, vil prisen per frekvensband bli omlag kr 4100 inntil det nye regelverket kjem på plass.

Departementet foreslår difor i ny § 14 andre ledd faste prisar for jordstasjonsløyve på Svalbard og i Antarktis. Vidare vert omgrepet gebyr foreslått bytta ut med sektoravgift.

I ny § 14 tredje ledd foreslår departementet å fastsetje at for stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt og punkt til multipunkt, skal sektoravgifta avhenge av utstrålt effekt. For stasjonar som strålar under eller lik 0,5 W skal det betalast ei sektoravgift på kr 210 per sendar, medan det for stasjonar med høgare effekt enn 0,5 W skal betalast kr 620 for kvar sendar.

I forslaget til § 14 fjerde ledd foreslår departementet sektoravgift i form av ulike årlige fastprisar på sendarløyve i dei ulike frekvensområda. Samtidig foreslår departementet å endre nokre av frekvensområda i den gjeldande tabellen. Etter forslaget i tabellen vert skiljet for frekvensområda for sektoravgiftsatsane endra frå 4 GHz til 5,15 GHz og frå 9 GHz til 8,5 GHz. Sistnemnde forslag til endring skuldast at frekvensbandet 8,5–9 GHz berre er allokert til radar¹ og at det difor ikkje er naturleg at skiljet går ved 9 GHz. Det høgaste frekvensområdet vil starte ved 57 GHz, og departementet foreslår at denne satsen skal vere lik uansett bandbreidde. Sektoravgift for løyve til stasjonar for forskingsføremål, som i gjeldande forskrift er regulert i § 11 tredje ledd, vil etter forslaget gå ned noko som følgje av at slike løyver vil inngå i tabellen i forslaget til § 14 fjerde ledd.

I ny § 14 femte ledd vert det fastsett at sendarar som nyttar MIMO-teknologi er fritekne for sektoravgift dersom det allereie vert betalt sektoravgift for dei same stasjonane med same frekvens, polarisasjon og bandbreidde. MIMO er ein teknologi som fordeler utstrålt effekt over fleire antenner for å overføre større datamengder. Departementet reknar det ikkje som nødvendig å ta inn ytterlegare sektoravgift for førenemnde, fordi tildeling av løyve til MIMO-teknologi berre utgjør ei marginal ressursbelastning for Nkom.

Når det gjeld sendeløyve for ekomnett på skip i gjeldande § 11 andre ledd er all bruk som ikkje gjeld 3G på skip no fribruk. Nkom tek sikte på at bruken av 3G på skip også etter kvart skal gjerast om til fribruk. Departementet foreslår difor ikkje at føresegna vert vidareført, då Nkom kan nytte ny § 16 andre ledd til å fastsette prisen for bruk av 3G om bord på skip i ein mellomperiode til nye reglar er på plass.

Til § 15 Sektoravgift for spektrumsløyve

I ny § 15 foreslår departementet ei vidareføring av gjeldande § 12 om korleis gebyr for spektrumsløyve skal reknast ut, men med nokre endringar.

Dagens gebyrmodell skil mellom spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR), jf. gjeldande § 9, og andre spektrumsløyve, jf. gjeldande § 12. Etter forslaget vil sektoravgift for PMR-spektrumsløyve verte teken med i forslaget til § 15, slik at avgiftsmodellen for spektrumsløyve vert meir teknologinøytral. Som følgje av dette vil gjeldande § 9 første ledd falle vekk. Departementet foreslår at det som no heiter gebyr skal heite sektoravgift. Det er grunn til å tru at dei føreslegne endringane vil medføre ein nedgang i sektoravgift for dei

¹ ITU Radio Regulations Article 5

fleste innehavarane av PMR-spektrumsløyve. Nøyaktig kor stor sektoravgifta vert, er vanskeleg å seie noko sikkert om enno.

Ny § 15 første ledd vil innebere at samla sektoravgift for spektrumsløyve vil vere beløpet etter § 3 andre ledd nummer 2, minus sektoravgift og gebyr etter §§ 11 - 14 og § 16.

Ny § 15 andre ledd er ei vidareføring av gjeldande § 12 andre ledd. Departementet foreslår å vidareføre at 20 prosent av beløpet etter § 16 første ledd skal fordelast mellom innehavarane av spektrumsløyve med eit fastledd for kvar samanhengande frekvensblokk som vert disponert som spektrumsløyve. Departementet foreslår eit tillegg i § 15 andre ledd om at det også skal betalast sektoravgift etter tredje ledd.

Ny § 15 tredje ledd er i stor grad ei vidareføring av gjeldande § 12 tredje ledd, men departementet foreslår justeringar i tabellen som bestemmer vektinga av kvart enkelt frekvensband. I tillegg vert det teke inn føresegner om nedskalering av sektoravgift for spektrumsløyve som gjeld på Svalbard og offshore. Nedskaleringa vert teken inn for å tilpasse storleiken på sektoravgift ut frå arbeidet Nkom har med det enkelte løyvet, då den gjeldande nedskaleringsføresegna basert på føresetnaden i dei aktuelle områda, ikkje passar for Svalbard og offshore.

Tabellen i forslaget til § 15 tredje ledd inneheld vekting for dei enkelte frekvensbanda. Frekvensband som ikkje er nemnde i tabellen, har vekt 1. Ut frå forslaget om å rekne ut sektoravgift for spektrumsløyve for PMR etter § 15, foreslår departementet ei endring om at frekvensbanda 137–174 MHz og 400–470 MHz vert tekne inn i tabellen med ei vekt på høvesvis 4 og 6. Departementet foreslår å inkludere frekvensbandet 791–862 MHz i tabellen på lik linje med andre band for offentlig mobilkommunikasjon. Vektinga av mobilbanda vert gjort slik at sektoravgift blir tilnærma lik per disponert bandbreidde (kroner per MHz).

Departementet foreslår å fjerne delbanda 1900–1920 MHz og 1785–1805 MHz frå tabellen fordi 1900–1920 MHz ikkje lenger er ein del av løyva som vert utferda for offentlig mobilkommunikasjon, og er i augneblinken gjenstand for internasjonalt harmoniseringsarbeid. 1785–1805 MHz vil ikkje lenger verte tildelte som spektrumsløyve, og er tekne inn i fribruksforskrifta § 14.

Til § 16 Andre frekvensgebyr og sektoravgifter

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 13 første ledd i ny § 16 første ledd med ei endring om at det no er sektoravgift Nkom kan krevje inn etter første ledd. Vidare foreslår departementet eit tillegg i første ledd som gjer det mogleg for Nkom å krevje sektoravgift for arbeid med løyve og tilsyn med bruken av jordstasjonar for satellitt på Svalbard og i Antarktis, jf. nye forskrifter om jordstasjonar på Svalbard og i Antarktis. Det vert foreslått å fastsette sektoravgiftene ved enkeltvedtak. Det inneber at sektoravgift berre vil bli pålagde dei tilsynsobjekta som faktisk nyttar Nkom sine tenester.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 13 andre ledd som ny § 16 andre ledd. Departementet foreslår at Nkom sin rett til å krevje gebyr etter denne føresegna vert beholden. I samband med arrangement må Nkom ha moglegheit til å pålegge eingongsgebyr for å dekkje faktiske kostnader som er knyta til arbeid som vert utført innan forvaltningsområdet. Departementet foreslår i tillegg ei utviding som fastset at Nkom kan utferde gebyr og sektoravgift når dei resterande faste oppgåvene som Nkom gjer, ikkje passar inn under nokre av dei andre føresegne. Til døme kan dette gjelde sendeløyve for ekomnett på skip ved bruk av 3G, som no er regulert i medhald av gjeldande § 11 andre ledd.

Kapittel IV

Til § 17 Sektoravgift og gebyr for løyve for aeromobilt utstyr

I ny § 17 foreslår departementet ei vidareføring av gjeldande § 14 om gebyr for løyve til aeromobilt utstyr med enkelte reduksjonar i kva Nkom krev i betaling etter gjeldande føresegn. Føresegna representerer norsk regulering på område der Noreg har inngått avtalar med internasjonale organisasjonar som til dømes International Telecommunication Union (ITU), Cospas Sarsat og International Civil Aviation Organization (ICAO).

Departementet foreslår å redusere eingongsgebyret i ny § 17 første ledd nr. 1 til kr 1 450 frå kr 6000 i gjeldande § 14 første ledd nr. 1. I gjeldande § 14 første ledd nr. 2 er gebyret på kr 3300 for luftfartøy under 9000 kg. Departementet foreslår å redusere eingongsgebyret til kr 1 050 i ny § 17 første ledd nr. 2. I gjeldande § 14 første ledd nr. 3 er eingongsgebyret for luftfartøy som ikkje er fullt utstyrt kr 1300. Departementet foreslår å redusere eingongsgebyret til kr 600 i ny § 17 første ledd nr. 3.

Vidare foreslår departementet å vidareføre gjeldande § 14 andre ledd, men at omgrepet gebyr no heiter sektoravgift. Departementet foreslår ein liten auke i sektoravgifta frå kr 500 til kr 550. Auken er grunngjeven i ressursane Nkom nyttar kvart år.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 14 tredje ledd i ny § 17 tredje ledd. Omgrepet gebyr vert foreslått endra til sektoravgift då dette er ei årleg sektoravgift som skal betalast. Departementet foreslår vidare ein liten auke i beløpet frå kr 1300 til kr 1400. Auken er grunngjeven i ressursane Nkom nyttar kvart år.

Departementet foreslår og å vidareføre gjeldande § 14 fjerde ledd i ny § 17 fjerde ledd. Omgrepet gebyr vert foreslått endra til sektoravgift då dette er ei årleg sektoravgift som skal betalast. Departementet foreslår vidare ein auke i beløpet frå 850 til 950 kroner. Auken er grunngjeven i ressursane Nkom nyttar kvart år.

Til § 18 Sektoravgift for løyve for personleg nødpeilesendar

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 15 i ny § 18. Gebyret for personlege nødpeilesendarar i § 18 vert foreslått endra frå gebyr til sektoravgift. Vidare foreslår departementet ein reduksjon i sektoravgifta frå kr 450 til kr 400. Reduksjon vert gjort for å tilpasse storleiken på prisen til ressursbruken.

Til § 19 Sektoravgift for registrert leverandør eller radioforhandlar

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 16 første og andre ledd i ny § 19 første og andre ledd om sektoravgift for registrert leverandør av radio og terminalutstyr og sektoravgift for registrert radioforhandlar. Departementet foreslår ingen endringar i satsane.

Til § 20 Sektoravgift for autorisert verksemd

Gjeldande § 17 vert foreslått vidareført i ny § 20. Vidare blir det foreslått at noverande utrekning blir erstatta med ei fast sektoravgift. Sektoravgifta for autorisert verksemd vert foreslått fastsett til kr 4 200.

Til § 21 Andre sektoravgifter og gebyr

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 18 i ny § 21 med ei endring om at Nkom i tillegg til gebyr også kan fastsetje enkeltvedtak om sektoravgift for nasjonal godkjenning av

radio- og terminalutstyr og for løyve for radioutstyr som ikkje er omfatta av reglane i § 17, § 18, § 19 og § 20.

Kapittel V

Til § 22 Unntak

I ny § 22 foreslår departementet å vidareføre gjeldande § 19. I ny § 22 første ledd foreslås det å vidareføre gjeldande § 19 første ledd om at Nkom i særleg høve kan gjere unntak frå forskrifta kapittel I, II, III og IV. I ny § 22 andre ledd foreslås ei endring som klargjer at også stor variasjon i sektoravgift som ikkje er tilsikta no vil reknast som særleg høve. Det kjem i tillegg til stor tilsikta variasjon.

Til § 23 Klageinstans

I ny § 23 foreslår departementet å vidareføre gjeldande § 20 om at det er Samferdselsdepartementet som avgjer klage på enkeltvedtak etter ny forskrift om sektoravgift og gebyr til Nkom. Føresegna speglar ekomloven § 11-6.

Til § 24 Sanksjonar

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 21 om sanksjonar i ny § 24. Departementet foreslår vidare at det som i gjeldande føresegn heiter gebyr vert endra til sektoravgift og gebyr. I § 24 første ledd foreslår departementet å vidareføre speglinga av at Nkom innafor rammene til ekomloven § 10-8 kan trekkje tilbake løyve, nekte bruk og nekte å utferdige nye løyve dersom sektoravgifta eller gebyr ikkje vert betalt.

Departementet foreslår å vidareføre gjeldande § 21 andre ledd om at bruk av sanksjonar ikkje endrar plikta til å betale. Det vert i tillegg foreslått ei presisering om at dette både gjeld for gebyr og sektoravgift.

Til § 25 Iverksetjing mv.

Gjeldande § 22 om iverksetjing mv. av forskrifta vert vidareført i ny § 25, men med den endring at forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017. Departementet foreslår at gjeldande forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet vert oppheva frå same dato. Men merk at dersom ny lov om tillittstjenester ikkje trer i kraft frå årsskiftet, vil det vere aktuelt å vidareføre gjeldande § 5 fyrste ledd.